

Året som har gått - 2015

Me har no fleire år på rad starta julebrevet med at me har rekord i medlemstalet vårt. Det blir starten i år og.

Medlemstalet for 2015 landa på 257 medlemmar og det er ein kjempestor auke. Tusen takk til alle medlemmane våre!!

Gjennom året har dei 8 undergruppene våre vore i aktivitet. Oppmøte på treningane varierar, likevel held gruppene det gåande og gjev oss eit variert tilbod her i området. Dette set me stor pris på.

Dei vanlege arrangementa våre som basar, Sognefjellet sommarskiskule, Fanaråken opp og Sognefjellsmarsjen har og gått sin gang. Det er flott at så mange stiller som funksjonærar og vakter på slike arrangement.

Når det gjeld Fanaråken opp var ikkje værrvarslinga heilt på vår side og talet på trimmara som melde seg på løpsdagen gjekk noko ned. Økonomisk blei det likevel eit godt arrangement for idrettslaget. Skogstad sport sponsa alle funksjonærar med eigen jakke, til bruk i år og framover. Så 6.august 2016 håpar me både funksjonærar og deltakarar er klare for ein ny motbakkefest! Jakken var veldig populær og folk er flinke å bruke det utanom løpsdagen og, dette er god reklame.

Sognefjellsmarsjen var og i år utan deltakarar frå Krossbu. I 2016 blir løpsdatoen 14.august, då prøver me eit år med start berre på Herva. Om nokon ynskjer å gå frå Krossbu, kan ein gjere avtale om dette.

Idrettslaget har dette året hatt utviding av lysløypa i Hestahagen som prosjekt. Mykje er gjort og det står att ein del. Me gler oss til løypa kjem i drift.


Nytt av året er ein fotokonkurransse der ein tek bilder når ein er på trimpostar rundt om i området. Mange fine bilder er sendt inn og me gler oss til å sjå vinnarane og dele ut premiar for dette på premieutdelinga til trimgruppa.

I slutten av november var det igjen tid for Bjønnaposten og kallendrarar. Tusen takk til Jonny som sel og organiserer dette og til Per Ove og Heidi som var med å selde. Salet var godt og me fekk gode inntekter til idrettslaget.

Me vil i år og avslutte året med nissemarsj og gløgg på Fjordstova. I år blir det søndag 13.desember, ein fin tradisjon der ein kan slappe av i ein travel kvardag. I fjor var det ca 60 deltakarar, det var kjempekjekt!!

Så vil me nytte høve til å takke medlemmar, frivillige i gruppene, funksjonærar og sponsorar for 2015. Det er kjempeflott at de stiller opp for å skape fysiske og sosiale møtestader for oss!

Me ynskjer dykk alle ei god jul og eit godt nyttår. Og håpar til eit aktivt 2016!!



Vennleg helsing

IL Fanaråk

Anders, Larisa, Jakob, Anne Marie, Hans

Arvid og Mona